

Forskarforbundet ved UiO  
NTL ved UiO  
Parat ved UiO  
Akademikarane ved UiO

Dato: 29.04.2020  
Dykkar  
ref.:  
Vår ref.: 2010/6143 AUDJS

### **Referat fra drøftingsmøte 29.04.2020**

Frå organisasjonane

- Caroline Hals – NTL
- Tina Næss – Akademikarane
- Cecilie Wingerei Lilleheil og Maren Ringstad – Forskarforbundet
- Asle Fredriksen – Parat
- Mari Gakkestad – lokalt hovudvernombod

Frå fakultetet:

- Gudleik Grimstad – fakultetsdirektør
- Aud-Jorunn Sandal – referent

Innkallinga vart godkjend.

### **Drøftingssak**

1. Fakultetet sin bruk av midlertidige stillingar  
Sakspapira vart ettersendt 27.04.2020.

Fakultetsdirektøren hadde førebudd ein presentasjon som tok for seg følgjande områder:

- Fast ansettelse ved varigheit på over tre år
- Oppsigelsar ved bortfall av eksternfinansiering og oppgåver
- T/a tilsette heimla i Statsansattelova § 9 (1) a kontert på basis
- Midlertidigheit og påverknad på arbeidsmiljø
- Bruk av timelønnskонтaktar og honorar
- Innleige frå bemanningsføretak

Forskarforbundet ser at bruk av midlertidige stillingar aukar og lurar på kva fakultetet vil gjera for å redusera bruken.

Fakultetsdirektøren seier målet er faste stillingar, men i eksterne prosjekt kan der vera naturleg



#### **Fakultetsadministrasjonen**

Postadr.: Postboks 1084 Blindern, 0317 Oslo  
Kontoradr.: Eilert Sundts hus 3. et., Moltke  
Moes vei 31, 0851 Oslo

Telefon: 22 85 62 64  
Telefaks: 22 85 48 25  
postmottak@sv.uio.no  
www.sv.uio.no  
Org.nr.: 971 035 854

med midlertidig tilsetjing for å få inn spesialisert kompetanse som prosjektet treng. Samstundes skal fakultetet sjå på bruk av ulike stillingskategoriar vs. kombinerte stillingar, og det vil truleg koma ei sak om dette i fakultetsstyremøtet i juni.

Akademikarane lurar på korleis arbeidsavtalane for dei som er fast tilsett, men med tidsavgrensa finansiering ser ut.

Fakultetet vil senda malen for arbeidsavtale som vert brukt, og som er utarbeidd av juristane i AP.

Parat lurar på korleis det påverkar arbeidsmiljøet der enkelte kan vera redde for å ikkje få ny finansiering.

Fakultetsdirektøren seier fakultetet ikkje har opplevd arbeidsmiljøsaker på dette grunnlag, mange tilsette er midlertidig tilsette, spesielt når ein tek med stipendiatar og postdoktorar, og det er ein del av kvardagen ved UiO. Ein kan likevel ikkje sjå bort frå at den enkelte kan uroa seg over kva som vil skje i framtida når finansieringa fell bort.

Parat lurar på korleis ein vurderer midlertidighet vs. fast tilsetting og meiner det er påfallande mange som er tilsett i 3 år og ikkje meir, og dermed ikkje har rettigheter som fast.

Fakultetsdirektøren legg til grunn at det er arbeidsoppgåvene og finansiering som ligg til grunn for midlertidige stillingar i prosjekt.

Parat syner til ein administrativ tilsett på eksternt finansiert prosjekt som er tilsett for 3 år, og ber fakultetet grunnje kva som ligg til grunn for perioden.

Fakultetet skal sjekka ut og vil koma tilbake med eit svar i denne saka.

Med helsing

Gudleik Grimstad  
fakultetsdirektør

Aud-Jorunn Sandal  
seniorrådgjevar

Dette dokumentet er godkjent elektronisk ved UiO og er derfor ikkje signert.

Saksbehandlar:

*Aud-Jorunn Sandal*

+4722858224, [a.j.sandal@sv.uio.no](mailto:a.j.sandal@sv.uio.no)